



Hjort skote på Haugland. (Foto: Jane Haaranes)

**Saka om hjortejakt i Kvinnherad tar no ei ny vending ettersom administrasjonen i kommunen varslar eit framlegg om utvida jakttid frå 15. november og fram til jul i heile kommunen. Et framlegg til ny forskrift i tråd med dette kjem opp i forvaltningskomiteen 30. september og skal tilbake dit etter høyring.**

**Så går ho til kommunestyret. Men det er fylkesmannen som tek den endelege avgjerda, opplyser Kvinnheringen.**

Utgangspunktet for framlegget er ein søknad frå Ænes og Skarsteigen hjortevald om utvida jaktperiode fordi dyra står langt inn mot Folgefonna og ikkje er i eit jaktbart område i jaktida.

Terje Natland i kommunen meiner at jaktida for heile kommunen frå og med i år og til og med 2011 då tida skal rullerast påny bør utvidast til 23. desember sjølv om problema er størst i indre del av kommunen.

Han viser til at hjortestamma er veldig stor i heile Kvinnherad og at det difor er ynskjeleg å fella så mange dyr som mogeleg opp mot den totale fellingskvoten. Og med utvida jakttid meiner han at sjansen aukar for at så skal skje.

Ei slik utviding vil truleg bli motteke positivt også i dei delane av Uskedalen der skadeomfanget har vore stort.

Av Ola Matti Mathisen